ALVER
KOMMUNE

Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:EQPP2J-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 06.02.2023 |
| Vår: 23/383 - 23/10183 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på rørleggermelding for kjeller - gbnr 322/109 Mjåtveit

**Tiltak:** Tilknyting offentleg vatn og avløp kjellarhusvære
**Byggjestad:** Mjåtveitstø 19 - Gbnr 322/109
**Tiltakshavar:** Hkh Bygg og Eigedom AS
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås Vvs As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før vi kan handsame søknad om tilknyting må det ligge føre tinglyst rett til å legge privat vass- og avløpsleidning over annan manns grunn. Avtale må inngåast mellom eigedomane.
   Vi ber om at det vert sendt inn kopi av tinglyst avtale.

2. Det kan sjå ut som at tilknyting til kommunalt vatn og avløp skal være via private stikk-leidningar (stipla grøn og blå linje på vedlagt VA- kart). Dersom ein skal knytte seg på private leidningar, skal det ligge føre tinglyst avtale om dette. Alle eigedomane som er knytt på leidningsnetta skal signere på avtale med Gbnr, namn og fødselsnummer (11 siffer). Vi ber om at kopi av tinglyst avtale vert sendt inn i saka.

3. Det må sendast inn ny situasjonsplan (VA-kart) som viser leidningsnett frå veggliv til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Utvendig stakekum/stoppekran skal være vist på planen.

4. Det må sendes inn bunnleidningsplan for bygget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
VA - Kart Gbnr 322-109

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs As | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |